

# Norsk – bokmål og nynorsk

## ALTEs Praksiskodeks

### Innledning

I 1994 bestemte ALTE-medlemmene at det var nødvendig å innføre en formell Praksiskodeks som både ville definere kvalitetskrav som nåværende og framtidige medlemmer kunne være enige om å arbeide mot i prøveutviklingen, og som også kunne tjene som en erklæring til brukerne av disse prøvene om hva de kunne forvente seg av dem.

Praksiskodeksen ble utformet med disse hovedmålene i tankene; for å kunne formulere felles ferdighetsnivåer må prøver være sammenlignbare når det gjelder kvalitet så vel som nivå, og felles prinsipper bør derfor ligge til grunn for testutviklingen. Praksiskodeksen formulerer disse prinsippene og plasserer et ansvar både på dem som utvikler prøver, og på dem som bruker dem.

### ALTEs Praksiskodeks

Som ansvarlige for utvikling og gjennomføring av språkprøver ønsker ALTE-medlemmene å vedta en Praksiskodeks som skal tydeliggjøre de faglige målene de etterstreber, og i tillegg anerkjenne de forpliktelsene de er underlagt.

Når man skal utarbeide og ta i bruk en Praksiskodeks, er det nødvendig å skille mellom de ulike rollene de involverte har når det gjelder å opprette og møte kvalitetskravene til språkprøver. De involverte er: prøveutviklere, prøvebrukere og kandidater.

*Prøveutviklere* omfatter både de som utvikler og administrerer prøver, og de som tar politiske beslutninger for bestemte prøver.

*Prøvebrukere* er personer som kan velge blant eksisterende prøver, gi oppdrag til prøveutviklere eller fatte beslutninger som innvirker på andres utdannings- og karrieremuligheter, på grunnlag av prøveresultater.

*Kandidater* er personer som tar prøvene, enten etter eget valg eller fordi prøvebrukerne har pålagt dem å gjøre det.

Rollene som prøveutviklere og prøvebrukere kan selvsagt overlappe, for eksempel når et statlig utdanningsorgan bestiller prøveutvikling, legger strategier

som styrer utviklingsprosessen og tar beslutninger på grunnlag av resultatene. ALTE-medlemmene er i hovedsak beskjeftiget med å utvikle og administrere prøver. De har derfor en forpliktelse overfor prøvebrukerne og i siste instans overfor kandidatene. Beslutningene som prøvebrukere tar, har direkte konsekvenser for kandidatene, og derfor blir også prøvebrukernes forpliktelser beskrevet i Praksiskodeksen.

ALTE-medlemmene forplikter seg til å sikre kandidatenes rettigheter ved å etterstrebe kvalitetskravene i Praksiskodeksen på fire områder:

- Utvikle prøver
- Tolke prøveresultat
- Arbeide for rettferdighet
- Informere kandidater

Praksiskodeksen har to deler. Del 1 fokuserer på ALTE-medlemmenes ansvar og Del 2 på prøvebrukernes ansvar.

# Del 1 – ALTE-medlemmenes ansvar

## Utvikle prøver

ALTE-medlemmene forplikter seg til å gi prøvebrukere og kandidater den informasjonen de trenger for å velge riktig prøve.

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrer at de skal gjøre følgende for prøvene de tilbyr:

1. Definere hva hver prøve måler og hvordan den bør brukes. Beskrive hvilken målgruppe den passer for.
2. Forklare relevante fagtermer i nødvendig detalj for at brukerguppen skal forstå.
3. Beskrive framgangsmåten for utvikling av prøvene.
4. Forklare hvordan innholdet og ferdighetene som skal testes, er bestemt.
5. Gjøre et passende utvalg eksempler eller hele testsett tilgjengelig for brukerne, i tillegg til instruksjoner, svarark, brukerveiledninger og tilbakemelding av resultat til brukerne.
6. Beskrive prosedyrene som blir brukt for hver prøve, for å sikre at aktuelle kandidatgrupper med ulik etnisk, kulturell og språklig bakgrunn, behandles likt.
7. Kartlegge og beskrive hvilke forhold og ekspertise som kreves for å gjennomføre hver prøve.

## Tolke prøveresultat

ALTE-medlemmene forplikter seg til å hjelpe prøvebrukere og kandidater å tolke resultatene riktig.

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrer at de skal gjøre følgende:

8. Sørge for raske og lett forståelige tilbakemeldinger om prøveresultatene som beskriver kandidatenes ferdigheter klart og nøyaktig.
9. Beskrive prosedyrene som brukes for å etablere beståttgrenser og/eller karakterer.
10. Hvis ikke beståttgrense blir satt, må det gis informasjon som kan hjelpe brukerne til å følge fornuftige prosedyrer for å sette beståttgrense når det er behov for det.
11. Advare brukerne mot opplagt misbruk av prøveresultater.

## **Arbeide for rettferdighet**

ALTE-medlemmene skal sørge for at prøvene er så rettferdige som mulig for kandidater med ulik bakgrunn (for eksempel kjønn, etnisk opprinnelse, funksjonshemming osv.).

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrer at de skal gjøre følgende:

12. Gjennomgå og revidere prøveoppgaver og materiale som er knyttet til dem, for å unngå potensielt støtende innhold eller språkbruk.

13. Vedta prosedyrer som skal sikre at resultatene på prøven først og fremst skyldes de ferdighetene prøven skal måle og ikke irrelevante faktorer som for eksempel kjønn eller etnisk bakgrunn.

14. I den grad det lar seg gjøre, tilrettelegge prøven og administrasjon av den for kandidater med funksjonshemninger.

## **Informere kandidatene**

ALTE-medlemmene forplikter seg til å sørge for at prøvebrukere og kandidater får tilgang til informasjonen som er beskrevet under.

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrer at de skal gjøre følgende:

15. Gi prøvebrukere og kandidater nødvendig informasjon for å hjelpe dem til å avgjøre om en bestemt prøve er den riktige å ta, eller om de heller skal bruke en tilgjengelig prøve på et høyere eller lavere nivå.

16. Gi kandidater informasjonen de trenger for å kunne sette seg inn i prøvens omfang, hvilke oppgavetyper, veiledning og andre instruksjoner de vil møte, og hva som er de beste strategiene for å løse oppgavene, og dessuten arbeide for å gjøre denne informasjonen tilgjengelig for samtlige kandidater.

17. Gi informasjon om de rettighetene kandidatene har eller ikke har, når det gjelder å få tilgang til kopier av deler av eller hele besvarelser, til å ta prøvene om igjen, til å klage, til ny vurdering og om de kan få resultatene sjekket.

18. Gi informasjon om hvor lenge resultatene vil bli oppbevart, og si til hvem og under hvilke betingelser prøveresultatene vil kunne bli gjort tilgjengelige.

## **Del 2 – Prøvebrukernes ansvar**

Prøvebrukerne har i kraft av sin stilling tilgang til informasjon om prøvene fra prøveutviklerne, og Praksiskodeksen beskriver hvordan prøvebrukerne skal bruke denne informasjonen på en passende måte. I likhet med prøveutviklerne har de et ansvar overfor kandidatene og er forpliktet til å handle på en etisk forsvarlig måte. Dette ansvaret er beskrevet nedenfor under fire overskrifter:

### **Velge passende prøver**

Prøvebrukerne skal velge prøver som er hensiktsmessige i forhold til en gitt kontekst og som passer til en gitt kandidatgruppe.

### **Tolke prøveresultat**

Prøvebrukerne skal tolke resultatene riktig.

### **Arbeide for rettferdighet**

Prøvebrukerne skal velge prøver som er utviklet slik at de passer så godt som mulig for kandidatgrupper med ulik bakgrunn (for eksempel kjønn, etnisk opprinnelse, funksjonshemninger osv.).

### **Informere kandidater**

I tilfeller der prøvebrukerne har direkte kommunikasjon med kandidater, vil de være underlagt de samme forpliktelsene overfor kandidatene som ALTE-medlemmene, slik det er nevnt under overskriften "Informasjon til kandidatene" i Del 1.

Takk til "The Code of Fair Testing Practices in Education", utviklet av Washington D.C. Joint Committee of Testing Practices.

# ALTE sin Praksiskodeks

## Innleiing

I 1994 bestemte ALTE-medlemmene at det var naudsynt å innføre ein formell Praksiskodeks. Denne ville både definere standardar som noverande og framtidige medlemmer kunne vere einige om å arbeide mot i prøveutviklinga, samtidig som han kunne vere ei melding til brukarane av prøvane om kva dei kunne vente seg av dei.

Praksiskodeksen vart utforma med desse hovudmåla i tankane; for å kunne formulere felles ferdigheitsnivå må prøvar kunna samanliknast når det gjeld kvalitet så vel som nivå. Felles standardar bør difor liggje til grunn for testutviklinga. Praksiskodeksen formulerer desse standardane og plasserer eit ansvar både på dei som utviklar prøvar, og på dei som brukar dei.

## ALTE sin Praksiskodeks

Som ansvarlege for utvikling og gjennomføring av språkprøvar ønskjer ALTE-medlemmene å vedta ein Praksiskodeks som gjer dei faglege måla dei arbeider mot tydelege, og i tillegg slår fast dei pliktene dette medfører.

Når ein skal utarbeide og ta i bruk ein Praksiskodeks, er det naudsynt å skilje mellom dei ulike rollene dei involverte har med å opprette og møte kvalitetskrava til språkprøvar. Dei involverte er: prøveutviklarar, prøvebrukarar og kandidatane.

*Prøveutviklarane* omfattar både dei som utviklar og administrerer prøvar og dei som tar politiske avgjerder for bestemte prøvar.

*Prøvebrukarane* er personar som kan velje blant dei prøvane som finst, gi oppdrag til prøveutviklarar eller på grunnlag av prøveresultat bestemme noko som verkar inn på andre sine utdannings- og karrieresjansar.

*Kandidatane* er personar som tar prøvane, enten etter eige val eller fordi prøvebrukarane har pålagt dei å gjere det.

Rollene til prøveutviklarane og prøvebrukarane kan sjølvstøtt overlappast kvarandre, til dømes når eit statleg utdanningsorgan bestiller prøveutvikling, legg strategiar som styrer utviklingsprosessen og tar avgjerder på grunnlag av resultatane. ALTE-medlemmene er i hovudsak opptekne med å utvikle og administrere prøvar. Dei har difor eit ansvar overfor prøvebrukarane og i siste instans overfor kandidatane. Avgjerdene prøvebrukarane tar, har direkte

konsekvensar for kandidatane, og difor blir også pliktene prøvebrukarane har, omtalt i denne Praksiskodeksen.

ALTE-medlemmene forpliktar seg til å tryggje kandidatane sine rettar ved å arbeide for å møte standardane i Praksiskodeksen på fire område:

- Utvikle prøvar
- Tolke eksamensresultat
- Arbeide for rettferd
- Informere kandidatar

Praksiskodeksen har to deler. Del 1 fokuserer på ALTE-medlemmene sitt ansvar og Del 2 på prøvebrukarane sitt ansvar.

# Del 1 – ALTE-medlemmene sitt ansvar

## Utvikle prøvar

ALTE-medlemmene forpliktar seg til å gi prøvebrukarane og kandidatane den informasjonen dei treng for å velje rett prøve.

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrar at dei skal gjere følgjande for dei prøvane dei tilbyr:

1. Definere kva kvar prøve måler, og i kva samanheng han bør brukast. Omtale kva målgruppe han passar for.
2. Forklare relevante fagtermar, i detalj om det er naudsynt, for at brukargruppa skal forstå.
3. Beskrive framgangsmåten for utvikling av ein prøve.
4. Forklare korleis innhaldet og ferdigheitene som skal prøvast, er bestemt.
5. Gjere representative døme eller heile testsett tilgjengelege for brukarane. Dette gjeld også instruksjonar, svarark, brukarretteiingar og tilbakemelding av resultat til brukarane.
6. Omtale prosedyrane som blir brukt for kvar prøve, for å sikre at alle sannsynlege kandidatgrupper med ulik etnisk, kulturell og språkleg bakgrunn, blir behandla likt.
7. Kartleggje og omtale kva forhold og ekspertise som er naudsynt for å administrere kvar prøve.

## Tolke prøveresultat

ALTE-medlemmene forpliktar seg til å hjelpe prøvebrukarar og kandidatar med å tolke resultatata på rett måte.

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrar at dei skal gjere følgjande:

8. Sørgje for at tilbakemeldinga om resultatata er rask og lett forståeleg, og at denne omtalar kandidatane sine ferdigheiter klart og nøyaktig.
9. Omtale prosedyrane som blir brukte for å etablere beståttgrenser og/eller karakterar.
10. Dersom ikkje ei beståttgrense blir bestemt, må ein gi informasjon som kan hjelpe brukarane til å følgje fornuftige prosedyrar for å setje beståttgrense når det trengst.
11. Åtvare brukarane mot opplagt misbruk av prøveresultat.



## Arbeide for rettferd

ALTE-medlemmene skal sørge for at prøvane er så rettferdige som mogeleg for kandidatar med ulik bakgrunn (til dømes kjønn, etnisk bakgrunn, funksjonshemming osv.).

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrar at dei skal gjere følgjande:

12. Gjennomgå og revidere prøveoppgåver og -materiale for å unngå potensielt støytende innhald eller språkbruk.

13. Vedta prosedyrar som skal sikre at skilnader i prøveprestasjonar først og fremst har med ferdigheitene prøven skal måle å gjere og ikkje irrelevante faktorar som til dømes kjønn eller etnisk bakgrunn.

14. Leggje til rette prøven og prøveavviklinga for kandidatar med funksjonshemmingar så sant det er mogeleg.

## Informere kandidatane

ALTE-medlemmene forpliktar seg til å sørge for at prøvebrukarane og kandidatane får tilgang til informasjonen som er omtalt under.

I praksis betyr dette at ALTE-medlemmene forsikrar at dei skal gjere følgjande:

15. Gi prøvebrukarane og kandidatane naudsynt informasjon for å hjelpe dei til å avgjere om ein bestemt prøve er den rette å ta, eller om dei heller skal bruke ein tilgjengeleg prøve på eit høgare eller lågare nivå.

16. Gi kandidatane den informasjonen dei treng for å kunne setje seg inn i omfanget prøven har, kva oppgavetypar, informasjon og andre instruksjonar dei vil møte, og kva som er dei beste strategiane for å løyse oppgåvene, og dessutan arbeide for å gjere denne informasjonen tilgjengeleg for alle kandidatar.

17. Gi informasjon om dei rettane kandidatane har eller ikkje har, når det gjeld å få tilgang til kopiar av deler av eller heile prøvesvar, til å ta prøvane om igjen, til å klage, til ny vurdering av resultat og om dei kan få resultata sjekka.

18. Gi informasjon om kor lenge resultata vil bli oppbevart, og seie til kven og under kva vilkår prøveresultata vil kunne bli gjort tilgjengelege.

## **Del 2 – Prøvebrukarane sitt ansvar**

Prøvebrukarane har i kraft av stillinga si tilgang til informasjon om prøvane frå prøveutviklarane, og Praksiskodeksen omtalar for prøvebrukarane korleis denne informasjonen skal brukast på ein passende måte. På same måte som prøveutviklarane har dei eit ansvar overfor kandidatane og ei plikt til å handle på ein etisk forsvarleg måte. Dette ansvaret er omtalt nedanfor under fire overskrifter:

### **Velje passende prøvar**

Prøvebrukarane skal velje prøvar som er føremålstenlege i høve til ein gitt kontekst, og som passar til ei gitt kandidatgruppe.

### **Tolke prøveresultat**

Prøvebrukarane skal tolke resultatata riktig.

### **Arbeide for rettferd**

Prøvebrukarane skal velje prøvar som er utvikla slik at dei passar så godt som mogeleg for kandidatgrupper med ulik bakgrunn (til dømes kjønn, etnisk bakgrunn, funksjonshemmingar osv.).

### **Informere kandidatar**

I tilfelle der prøvebrukarane har direkte kommunikasjon med kandidatane, vil dei ha dei same pliktene overfor kandidatane som ALTE-medlemmene, slik det er nemnt under overskrifta "Informasjon til kandidatane" i Del 1.

Takk til "The Code of Fair Testing Practices in Education", utvikla av Washington D.C. Joint Committee of Testing Practices.